



Vedtekter for bruk og forvaltning av Surnadal kommunes kraftfond

Vedtatt av kommunestyret i sak 13/14 den 13.02.2014.

§ 1. HEIMEL, KAPITAL OG AVKASTNING.

Vedtektene er gjeve med heimel i Rundskriv H-1/11 frå Det Kongelege Kommunal- og Regionaldepartement november 2011, og erstattar tidlegare vedtekter for næringsfondet i Surnadal kommune, sist endra av Kommunestyret den 6.mai 1999.

Fondets grunnkapital er næringsfond på kr.112.500,- innbetalt av Driva kraftanlegg i medhald av konsesjonsvilkåra gjeve i kongeleg resolusjon av 31.10.1969. Fondskapitalen kan ikkje brukast til lån eller tilskott.

Fondet avkastning består av konsesjonsavgiftene frå kraftproduksjonen lokalisert i Surnadal, som blir innbetalt kvart år frå kraftverka til Statkraft og Svorka. Årleg tilført beløp utgjer pr.01.01.2014 kr.5.169.565,-

§ 2. FORMÅL

Kraftfondet skal nyttast til tiltak som fremmer næringslivet og trygger busetnaden i Surnadal kommune, og kan disponerast fullt ut det enkelte år eller setjast av til seinare bruk. Kraftfondet skal i første rekke nyttast til næringsformål i samband med nyetablering og vidareutvikling av eksisterande verksemd. I tillegg kan fondet nyttast til tilrettelegging for næringsutvikling i regi av kommunen, stadsutvikling, ulike typar utviklingsarbeid med meir. Fondsmidlane kan ikkje nyttast til å dekkje løpande drift av kommunen, bortsett frå renter og avdrag på investeringar som er gjort i tråd med fondets formål.

Det kan heller ikkje gis støtte til bedrifter for å dekkje avdrag og renter på lån eller løpande drift.

Det bør heller ikkje gis støtte til verksemd som mottek betydelege overføringar over statsbudsjettet.

§ 3. STØTTEFORMER.

Støtte frå næringsfondet kan gjevast som tilskot. Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Dersom det teiknast kommunale aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30% av aksjekapitalen i bedrifta. Benne begrensinga gjeld ikkje utviklingselskap, utleiebygg og lignande som kommunen etablerar i samband med private interessar.

§ 4. TILHØVET TIL INTERNASJONALE PLIKTER PÅ STATSSTØTTEOMRÅDET

Bruken av fondet må være i samsvar med dei internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på støtteområdet. Ein følgjer her regelverket for bagatellmessig støtte.

§ 5. FORVALTNING

Ved forvaltning av fondsmidlane skal det leggest vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet. Renter og avdrag tilbakeføres til fondet.

§ 6. ÅRSMELDING OG RAPPORTERINGSPLIKT.

Kvart år skal det leggest fram for kommunestyret årsmelding med rekneskap for verksemda i fondet. Kopi av denne meldinga skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

§ 7. GODKJENNING AV VEDTEKTENE.

Kommunestyret kan med vedtak endre vedtektene. Vedtaket må godkjennast av fylkesmannen. Kopi av godkjente vedtekter skal sendast fylkeskommunen.
